

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Berit Karin Rystad	FE-150	23/279

Saksnr	Utval	Type	Dato
084/23	Formannskapet	PS	28.11.2023
	Kommunestyret	PS	
	Eldrerådet	PS	
	Ungdomsrådet	PS	
	Arbeidsmiljøutvalet	PS	

Kommunebudsjettet for 2024 og økonomiplan for 2024-2027

### Vedlegg:

Kommunebudsjettet for 2024 og økonomiplan for 2024-2027  
Statsbudsjettet for 2024 - det økonomiske opplegget for kommunene  
Budsjettkommentarar 2024

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Kommunedirektøren fremmar i denne saka framlegg til kommunebudsjett for 2024 og økonomiplan for perioden 2024-2027. Vurderingar og konklusjonar er i sin heilskap tekne inn som del av dokumentet.

Pårekna frie inntekter til Fedje kommune er satt til kr 65 549 000,-. Dette er ein auke på 3,9 % frå 2023 til 2024. Likevel er det 0,6 % lågare enn snittet av kommunane i Vestland fylke og 0,8 % lågare enn landsgjennomsnittet. Dette er noko betre enn i 2023, men me ligg framleis under snitt av det som auken er i Vestland og i landet elles. Av overføringane utgjer distriktstilskot Sør-Noreg og småkommunetillegg kr 6 526 000,-.

Kommunedirektøren legg fram eit stramt budsjett som legg opp til ein vidareføring av tenestetilbodet på om lag same nivå som det er i dag. I 2023 har utgiftene vært større enn inntektene, og me styrer mot eit underskot. For å snu denne negative utviklinga er det lagt inn fleire innsparingar. Det ligg ein generell innsparing i at alle einingar har teke ut prisauke på alle postar, bortsett frå på løn. Det ligg og ein generell innsparing knytt til effektivisering og omstillingsarbeid (KOSTRA). Kommunedirektøren foreslår reduksjon tilbod og tenester og auke i betalingsattsar. Det gjeld mellom anna betaling i barnehagen, inga bruk av vikarbyrå og konsulentar (unntak viss det er dekkja av prosjektmidlar eller OU midlar) og innkjøpsstopp så langt det er forsvarleg.

Fedje kommune har gjort ein stor innsats med å ta imot flyktningar frå Ukraina i 2023. Dette skal me fortsette med i 2024. Fokus for 2024 må være å få flyktningane i arbeid, slik at dei kan forsørge seg sjølv og familiane sine. Konsekvensen av at dei ikkje får arbeid er auke i sosialbudsjettet. Fedje kommune har fått ny anmoding om å ta i mot flyktningar i 2024. Regjeringa ber om at Fedje kommune tek i mot 20 flyktningar. Kommunedirektøren har lagt til grunn at me har kapasitet til å ta i mot 10 flyktningar, men grunna eit særst stramt økonomisk handlingsrom neste år, er dette

redusert til fem. Ein anna faktor er moglegheit for å skaffe husvære, noko som har blitt veldig krevjande.

Legeordninga er særst god og attraktiv, men dyr. Legetenesta vil ha høgare driftskostnader i 2024. Dette er mellom anna knytt til avtalane med Helse Bergen og legevaktordninga i Alver. Kommunedirektøren har ikkje redusert tilbodet i forslaget til budsjett, men ynskjer å invitere til ein politisk debatt om nivået på helsetenestene me tilbyr. Me har etter oppfordring frå politisk hald foreslått å selje sjukeheims plassar til andre kommunar (når me har ledig kapasitet) for å nytte ressursane våre maksimalt og auke inntektene.

Generell prisstigning, rentenivå og auka kostnader til mellom anna straum fører til auka utgifter. Eg er difor oppteken av å bruke investeringar for å få ned kostnader i drifta. Me veit ikkje om det kjem ein ny straumkrise i vinter. ENØK tiltak vil difor bli høgt prioritert i 2024.

Kommunedirektøren ber kommunestyret merke seg:

- Fedje barnehage har auke i tal born, og me må difor auke tal tilsette for å være innafør

lovkravet til barnehage med ein pedagog (i vikariat)

- Kommunedirektøren foreslår å innføre betaling i barnehagen
- Kommunedirektøren foreslår å halde barnehagen stengt i fellesferien (3 veker). Grunngjevinga er at det er få born som brukar tilbodet, og det vil gjere ferieavviklinga til personalet enklare å få til
- Me har arbeidd for å etablere ein fast stilling i 100% som helsesjukepleiar, men har diverre ikkje klart å finne rom for dette i 2024
- Kommunedirektøren foreslår å halde svømmebassenget stengt sommaren 2024 (på same måte som i 2023)
- Det er auke i utgifter til sosialtenester. Dette skuldast utgifter til mellom anna dei nye innbyggjarane frå Ukraina. Me har redusert forslag om tal flyktningar til fem for å halde utgiftene til sosialtenestene så låge som mogleg
- Gebyra til oppmåling og matrikkelføring gjekk monaleg opp i fjor. Dei andre gebyra vart ikkje justert grunna manglande kapasitet. I budsjettet for 2024 er alle gebyra knytt til teknisk forvaltning auka (plan og byggesak). Sjå utgreiing i eiga sak om gebyrregulativ

Forslag til budsjett for 2024 har eit negativt netto driftsresultat på kr 633'. I dette ligg det 523' i bundne fond og 110' som er satt av i disposisjonsfond til bustadtilskot og til formannskapet (til deira disposisjon). Det er ikkje foreslått å overføre midlar til investering i 2024. Det er lite sannsynleg at framforhandla budsjett i stortinget vil gjere det økonomiske handlingsrommet betre for kommunane. Premieavvik og innbetalingar til KLP neste år kan også endra seg, og her ventar me på ei ny oversikt frå KLP.

## Vurdering

Kommunebudsjett 2024 og økonomiplan 2024 – 2027 er sakshandsama både i utvida leiargruppe, personalleiargruppa og med hovudtillitsvalde. Framlegget vert sendt ut til alle folkevalde, verneombod, hovudtillitsvalde og einingsleiarar, og vert lagt ut på heimesidene til kommunen. Kommunebudsjettet og økonomiplanen vert sendt på høyring/uttale til eldreråd, arbeidsmiljøutval og ungdomsråd.

Kommunedirektøren meiner på bakgrunn av dette at kommunebudsjett 2024 og økonomiplan 2024 – 2027 er så godt opplyst som mogleg, og er klart til politisk handsaming.

Folkehelse: Ivareteke

Miljø: Ikkje relevant

Økonomi: Stramt men forsvarleg

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at kommunebudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 vert vedteke slik det ligg føre

### **Forslag til vedtak:**

Kommunebudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 vert vedteke slik det ligg føre